



Referat Rovernemndsmøte 29. – 31. mai 2015

Rovernemndsmøtet starta fredag 29. mai kl. 19:30 på Ynglingen i Stavanger.
Møtet heva søndag kl. 11:01.

Tilstade:

Martin Grøn fjell

Marta Nagel-Alne

Karen Undheim

Torkel Reinertsen

Erik Ettner Sanne

Kaja Marie Leversund

Sak 10: Konstituering

10.1 Godkjenning av innkalling og saksliste

- Innkalling godkjent.

10.2 Godkjenning av saksliste

- Saksliste godkjent.

10.3 Val av referent

- Marta valt til referent.

Sak 11: Oppdatering

11.1 Oppdatering frå kretskontaktane

- Gjennomgang av korleis det går i kretsane. Nemndsmedlemene har vore i kontakt med alle kretsane, og gir råd og hjelp til kretskontaktane.

11.2 Oppdatering frå dei nasjonale roverarrangementa

1. Roverlandsleir

- Lokalkomiteen har kontroll og leiren ser ut til å bli veldig bra!

2. Roverfemkamp

- Det har blitt sett saman ein lokalkomité, og dei har starta planlegginga.

3. Roverball

- Nemnda skal halda oppe kontakten vidare.

4. Roverkongress

- Lokalkomiteen er godt i gang med planlegginga.

11.3 Oppdatering frå arrangement me har delteke på

11.3.1 Landsting 2015

- Roverrepresentantane var aktive på landsting, og det var fleire viktige saker som vart teke opp og stemt over. Rovernemnda skal ta med seg utfalla av sakene vidare i roverarbeidet.

11.3.2 BUT

- Martin representerte Rovernemnda på Barne- og ungdomstinget, og har informert om sakane som vart teke opp.

11.3.3 Nordisk speidarkonferanse på Island

- Martin deltok på konferansen, og fekk utveksla erfaringar med roverar frå andre land.

11.4 Årshjul

- Alle medlemmane i nemnda skal delta på roverlandsleiren.
- Neste nemndsmøte blir i samanheng med Landstræf i Danmark 4.-6. september.
- Deretter blir det møte i Bergen 6.-8. november.

Sak 12: Øvre aldersgrense på rover

- Rovernemnda har diskutert konsekvensane endringa har for roverarbeidet og korleis me skal forholde oss til det.

Sak 13: Roverkontaktsamling 2015

- Roverkontaktsamlinga blir på Nordtangen 23.-25. oktober. Det vil bli sendt ut innkalling til roverkretskontaktane før sommaren.

Sak 14: Forslag til endring i reglar for Roving, ekstraordinært landsting

- Rovernemnda har ingen instruks omkring kven som skal reisa på ekstraordinære landsting. Derfor har me valt å formulert eit forslag til tilleggspunkt i Lovar for Roving og Rovernemnda som skal bli fremma på Roving.

Sak 15: Budsjett

- Me har utarbeida eit budsjett for året, og har økonomien under kontroll.
- Utkastet skal sendast til kontoret for gjennomsyn og godkjenning.